



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim sokneråd Referat 08.12.22

Styre, råd og utval Helgheim sokneråd	Møtestad Vikagarden 54	Møtedato 08.12.2022
Arkiv nr.	Møtestart 19.00	Møteslutt 22,30

Til stades på møtet:

Desse møtte: Silje Sørebo (prest) Astrid Aardalsbakke Feldt (leiar), Hildegunn Huus, Svein Årdalsbakke. Norvald Nedrebø, Britt Jannicke Lundal, Steinar Dvergsdal

Meldt forfall:
Erna Dvergsdal Krøke, Maria Sture, ,

Saker: 27/-37/22

Astrid Feldt yngste velkomen til møte med andre verset av advent diktet. " Så tenner vi to lys i kveld...

Sakliste:

Sak 227/22 Godkjenning av innkalling.

Vedtak: Innkallinga vart godkjent utan merknader.

Sak 28/22 Godkjenning av referat 07.06.22

Vedtak: Referatet vart godkjent utan merknader.

Sak 29/21 Offersøknader.

Ein drøfta litt offersøknad frå sjukehuskyrkja. Sjå søknaden

Vedtak: Samrøystes vedtak. Om å gje eit offer.

Sak 30/22 Kulturkveld i Helgheim kyrkje 17.01.23

I samband med kulturkveld den 17.01.23 der Per Arne Dahl vitjar Helgheim kyrkje skal ein ha kveldsmat.

Vedtak: Denne komiteen vart vald Hildegunn Huus, Norvald Nedrebø, Svein Årdalsbakke og Astrid Feldt.

Samrøystes

Sak31/22 Nominasjonsnemnd, kyrkjeval.

Vedtak: Det var føreslag om å spørje følgjande: Nils Einar Kjøsnes, Charlotte Nilsen, Inger Veiteberg, Solrund Dvergsdal, Kjellaug Bromseth, Jofrid Djupvik, Svein Årdalsbakke, Oddmund Klakegg og Bjørn Anders Steinsund

Samrøystes.



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim sokneråd Referat 08.12.22

Sak 32/22 Innstilling av ny biskop i Bjørgvind.

- Vedtak 1. Ragnhild Jepsen, domprost i Nidaros
2. Kjersti Gryland Nordheim, prest Birkeland menighet.
3. Sunniva Gylver, sokneprest i Fagerborg

Samrøystes.

Sak 33/33 Deponi for sand og jord ved kyrkja.

Steinar Dvergsdal orienterte om korleis ein ville plasser deponi for sand/stein og jord ved det nye uthuset. Ein vil lage to betongbingar som passar i terrenget og som er praktiske å bruke. Kostnadsråme ca. kr 80.000..

Vedtak: Soknerådet går inn for å bygge med gåvemidlar frå Ivar Helgheim.

Samrøystes.

Sak 34/22 Val av leiar og nestleiar.

Vedtak. Astrid Feldt gjenvalt som leiar og Svein Årdalsbakke gjenvalt som nestleiar.

Samrøystes.

Sak 35/22 Møteplan våren 2023.

Vedtak Årsmøtet 19. mars

Felles soknerådsmøte 24. januar

Helgheim sokneråd 9. mars

Samrøystes.

Sak 36/22 Meldingar

- Ny kyrkjevertliste.
- Kyrkjelyden sin julefest 3. juledag kl. 17.00
- Referat frå møte med soknerådsleiar, prest og fellesråd 10.11.22
- Referat frå fellesrådsmøtet 29.11.22. Astrid orientert om saker som har vore handsama.

Sak 37/22 Høgtalaranlegg på sjukeheimen.

Silje og dei som er med på andaktene på sjukeheimen melder om trong for høgtalaranlegg. Soknerådet stiller spørsmål om det er naturleg at gåvemidlar gjeve til sjukeheimen kan brukast til føremålet.

Høgtalaranlegg trengst nok til fleire aktivitetar ved sjukeheimen.

Vedtak: Ein må ta opp saka med sjukeheimen.

Samrøystes.

Hildegunn Huus
møteskrivar